


FANGST OG SKJELPRØVAR I EIDSELVA

Fangststatistikk

Årlege laksefangstar har stort sett variert mellom 300 og 500 fisk, sjølv om fangstane enkeltår har vore høgare (**figur 1**, stolpar). Etter to år med låge fangstar, var det ein kraftig auke att i 2015, til 596 laks (snittvekt 3,1 kg).

Fangstane av sjøaure har stort sett auka jamt frå midt på 1980-talet, men etter 2006 har fangstane vore låge. I 2015 vart det fanga 126 sjøaure, som er den nest lågaste fangsten sidan 1970-talet, berre 2013 var verre.

Fangstutviklinga i Eidselva dei siste 20-25 åra er mykje den same som i resten av Sogn og Fjordane (**figur 1**, linjer), noko som viser at variasjonen ikkje er dominert av lokale faktorar. Sidan 2010 har ein del fisk vorte sett ut i elva, i 2015 vart 13 % av laksane og 30 % av sjøaurane sett ut att.




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Eidselva i perioden 1969-2015 (antal, stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Sogn og Fjordane. **NB!** Fangst inkluderer både avliva og gjenutsett fisk.

Skjelmateriale

I perioden 1999-2015 har det samla vore analysert skjelpørvar av 4355 laks og 2020 sjøaurar fanga ved sportsfiske. Det har vore god oppslutning om skjelinnsamlinga heilt frå starten, dei fleste år er det sendt inn prøvar av 40 % eller meir av fangstane. I 2015 mottok me prøvar av 315 laks og 41 sjøaure (høvesvis 61 og 47 % av avliva fisk).

Etter at andelen rømt oppdrettslaks minka jamt frå 2001 og var under 3 % i 2005, auka andelen til 7,5 % i 2006-08. Etter at ein reduksjon i 2009 til vel 3 %, var andelen oppe i 12% i 2010. Dei fem siste åra har andelen vore låg, i 2015 var han 1,9 %. (**figur 2**).



FIGUR 2. Antal skjelpørvar (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje) i Eidselva 1999-2015.

Prøvefiske

Ved eit prøvefiske i perioden 25. september til 31. november 2015 vart det fanga 125 laks, 4 sjøaure og 7 regnbogaure. Villaksen og sjøauren vart sett tilbake i elva, medan rømt oppdrettslaks og regnbogaure vart avliva. Av laksane var 26 rømte oppdrettslaks, ein andel på 21 %. I løpet av desember vart ytterlegare 3 rømte oppdrettslaks fanga og avliva.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no